

ÅRSMELDING 2016

FOR

RADØY SPORTSSKYTTARLAG

Årsmøte vart halde den 10 januar 2016.

I meldingsåret har styret vore samansett slik:

| | | |
|--------------------|-------------------|----------|
| Kornelius Manger | Formann | (På val) |
| Andrè Michelsen | Nestformann | (På val) |
| Arnfinn Halland | Kasserar | (På val) |
| Martin Soltveit | Materialforvaltar | (På val) |
| Magne Arild Rath | Styremedlem | (På val) |
| Harry Helland | 1 Varamedlem | (På val) |
| Jan Kjetil Vikøren | 2 Varamedlem | (På val) |

Styret har hatt 3 møte og handsama 4 bokførde saker. Dessutan har det vore halde ekstraordinært årsmøte i laget.

Aktiviteten i meldingsåret har vore bra. Mange ungdommar er med på skytingane inne i Radøyhallen. Talet varierer, og når fotballsesongen kjem er det mange som fell frå. Blant seniorane er aktiviteten laber. Dette skuldast sikkert banetilhøva ute. Det er mogeleg for medlemmene å skyta på 100m, men men 50 m bane for miniatyrskyting har ein ikkje.

Laget vedok på årsmøte 2013 å godta samarbeidsavtalen med Radøy Skyttarlag. Denne avtalen gjer at laget vert med vidare når det skal byggjast nytt skyteanlegg. Problemet er at laget har lite pengar, slik at det sportsskyttarlaget kan bidra med er dugnadsarbeid. Arbeidet med Stokkedalen Skyteanlegg har kome godt i gang. Anlegget har fått idrettsfunksjonell forhåndsgodkjenning- Spelemiddelsøknaden for 100 m riflebane er fornya for 2016 og innsendt.. Det er utført svært mykje dugnad for å koma så langt. Likevel er dette berre starten. Arbeidet med å skaffa sponsormidlar må prioriterast i året som kjem. Får ein ikkje inn midlar utanfrå stoppar arbeidet opp.

Samarbeiet med Radøy Skyttarlag er godt. Laget er heilt avhengig av å få leige våpen og bane av skyttarlaget. Laget har ikkje økonomi til å kjøpa eigne våpen, og få av dei unge har våpen sjølve.

Til slutt vil styret takka for samarbeidet i året som har gått og ønskja lukke til i 2017.

Manger den 27 desember 2016.

For styret i Radøy Sportsskyttarlag

Kornelius Manger

Form